

NOTAT

| | |
|-----------------------|-----------------------------------|
| GÅR TIL: | Styremedlemmer |
| FØRETAK: | Helse Fonna HF |
| DATO: | 17.11.17 |
| FRÅ: | Administrerende direktør |
| SAKSHANDSAMAR: | Laila Nemeth |
| SAKA GJELD: | Status bygg Haugesund 2020 |
| STYRESAK: | 79/17 |
| STYREMØTE: | 24.11.17 |

Administrerende direktør si orientering notat 4

Arbeidet med detaljering av teikningar og program er godt i gang. Detaljprosjekteringa skal ferdigstillas til januar 2018. Det er prosjertert 18800 kvm brutto nybygg og 6000 kvm ombygging i byggjetrinn 1. Ein har og starta opp planleggjinga av prosess for utstyrsanskaffinga, utarbeiding av sjølve kravspesifikasjonane startar opp tidleg 2018.

Entreprisen for byggjegrop er kunngjort, og ein startar opp arbeidet med byggjegrop og adkomstplass slutten av januar 2018. Ein har god dialog med valde entreprenør for å sette endeleg tidsplan og beste rekkjefølgje på arbeidet mellom atkomstplass og byggjegrop. Prekvalifisering for totalentreprisen ligg no ute på Doffin, og ein tar sikte på kontrahering etter ein forhandlingsfase i Juni 2019 i tråd med tidligare vedtekne notat.

Prosjektet arbeidar no også med å vidareutvikla HMS strategien knytt til prosjektet både med tanke på sikkerheit og helse for tilsette, pasientar, besøkande på byggeplass. Strategien vil og omtala ytre miljø og oppfølging av krava knytt til grønt sjukehus sertifisering. Strategien gjeld både for byggjefase og det ferdige resultat.

Vedtaket i kommunestyret om reguleringsplan vil bli gjort greie for i styremøtet.

Prosjektet er i rute og held seg innanfor den kostnadsramma som blei vedteken i forprosjektrapporten.